

Tidleg dialektkontakt i Nord-Noreg

Av Eldar Heide

På grunn av stor innvandring til Nord-Noreg, særleg på 1500-talet, skal vi vente å finne spesielt mange dialektkontaktprodukt i nordnorsk, men temaet er ikkje undersøkt. Her skal eg prøve å forklare nokre sentrale ikkje lydrette bøyingsformer i nordnorsk ut frå denne dialektkontakten: Særleg bundi eintal av svake hokjønnsord på *-a* (*kista*) mot venta *-o* og *-å* (*den viso* /*-å*, men *den bygda*), *-e* i presens av både *a*-verb og *e*-verb, og bundi inkjekjønnsfleirtal på *-an* (*husan*) mot venta *-a*. Desse formene representerer grammatisk forenkling, og ville derfor vera typiske språkkontaktprodukt. Eg føreslår at desse innovasjonane oppstod i område med spesielt stor innflytting, særleg Rana og området ikring Lopphavet, og har spreidd seg derifrå. Det er frå før kjent at desse områda har “framande” dialektdrag (Rana austlege og Lopphavet nordvestlandske), men så vidt eg veit har ingen kopla forenkla bøying til desse områda. Også andre nordnorske forenklingar forklarar eg på denne måten, eg kjem inn på ideen om at den nordnorske apokopen er lånt frå Trøndelag, og eg føreslår at det sørvestlandske området som heller ikkje skil mellom svakt og sterkt hokjønn i bunden form (både *bygdo* og *viso*, el. *-å*) kan ha fått denne forenklinga frå dialektkontakt i Stavanger. På grunnlag av desse vurderingane prøver eg å rekonstruere noko sentral nordnorsk og allmennorsk morfologi ved inngangen til nynorsk tid.

1. Innleiing

Vi veit lite om voksteren i dei norske dialektane i sein mellomnorsk tid og tidleg nynorsk tid, ikkje minst i nordnorsk. Viktigaste grunnen er skort på norskspråklege kjelder. Dette problemet har målgranskarane særleg prøvd å løyse med ein jamførande rekonstruerande metode: Dei har jamført dialektane frå 18–1900-talet og “rekna seg attover” frå dei, rekonstruert med hjelp av lydlover den kronologien og utviklinga som rimelegast ville ha gjevi det resultatet vi ser. Desse resonnementa stør ein

i større eller mindre grad på spredde vitnemål i presteordsamlingar frå 16–1700-talet og tendensar som kan sjåast alt i seingammalnorske eller mellomnorske diplom. Amund B. Larsen var både ein pioner og ein meister med denne metoden. I 1897, t.d., brukar Larsen denne metoden til å supplere dei tungtolka mellomnorske kjeldene, og formulerer prinsippet om “sammenligning med samme steds eller nærliggende steders dialekter i nutiden” (s. 244) når ein rekonstruerer målvokstere etter gammalnorsk. Eit seinare døme på slike resonnement er Beito 1975, som reknar opp ord med gammalnorsk *rð* og *rt* som har bevart fullvokal i endinga i utkanten av jamvektområdet (i dagens dialektar): /²bø:ɾu/ (<*byrðu* / *byrðu*), /²sku:ɾu/ (<*skorða* / *skorðu*), osv. Beito peikar på at dette viser at “samansmeltinga” av *rð* og *rt* til éin konsonant må ha skjedd før kvantitetsomlegginga, og dermed at tjukk l og retroflektering er eldre enn kvantitetsomlegginga (fordi jamvekt føreset at rotstavinga var kort, altså at det var kort vokal + kort / enkel konsonant). Denne metoden, som eg kallar lydlovstilmærminga (jf. Heide 2003, 2004, 2010a), har vori sjeldsynt dei siste tiåra.

Ein annan måte å forklare ord og ordformer i dialektane på er å vise til språk- eller dialektkontakt i eldre tid. (Eg let “målkontakt” dekke begge delane.) Det har vori ei omfattande gransking av leksikalske lån frå lågtysk til norsk (sjå oppsummering hos Dalen 1994), og Christiansen (1967) argumenterte for at leniseringa på Helgeland kom av innvandring frå Sør-Vestlandet i folkevandringstida. (Dette vart seinare avvist.) Visse drag i nordnorsk har òg vorti forklarte med seinare innvandring sørfrå. Elstad (1982: 64–67) forklarar nokre drag i målet rundt Lopp havet (altså i Nord-Troms og søre Vest-Finnmark) som resultat av innvandring frå Nord-Vestlandet i tidleg nytid. Det dreiar seg om *e*-målet der – altså at det der heiter *å nynne ei vise*, mot *å nynne ei visa* nord og sør for dette området – og ein del etterleddstrykk: *kaffekópp*. Dette stemmer med at skatelistar og kyrkjebøker viser at det var stor innflytting frå Nord-Vestlandet til dette området på 15–1600-talet. Christiansen (1967: 18–20, 1964: 478) forklarar særdrag i ranværingdialekten med innvandring frå Jämtland på same tid, til dels òg frå andre austlege innlandsstrok. Dei viktigaste måldruga er, for det fyrste, jamvekt – med *a*-ending i mange infinitivar og svake hankjønnsord som hadde kort rotstaving på gammalnordisk, og forlenging av rotvokalen, ikkje konsonanten (altså å /²ve:ta/, ikkje /²veta/). For det andre er det apokope i presens av *a*-verb, altså: *No kast eg* (<*kastar*). Begge delane er ukjende elles på Helgeland,

men finst att i Jämtland, og kyrkjebøker og stadnamn som *Jamtlia* viser at det var stor innvandring derifrå (Christiansen 1967: 20). Austlege drag er òg at ranværing “har påfallende mindre av *u*-omlyd” enn måla ikring, peikar Christiansen på (1951: 57), og andre ting i vokalismen stemmer òg med innlandsstrok i Nord-Sverige, Trøndelag eller på det norske Austlandet. (Men berre Jämtland har kombinasjonen jamvekt med lenging av vokalen + apokope i presens av *a*-verb.) Dessutan peikar Nils Halan på (i føredrag nemnt hos Elstad 1982: 52, 91) at “dei fleste nemningane som gjeld vevstolar og veving” i ranværing “ser ut til å vere av svensk opphav”. – Hoff føreslår at apokopen i Nordland er lånt frå Trøndelag i samband med Lofotfisket (1981: 240); han er sterkast i Lofoten og tilgrensande distrikt (søre Vesterålen og Salten).

Ei veik side med denne tidlege målkontaktforskinga er at ein stort sett berre har sett reine lån av ord og språkdrag, og vori lite merksam på dei målendringsprosessane som målkontakt set i gang. Dei har den sosiolingvistiske, moderne målkontaktforskinga oppdaga: Målkontakt skaper visse innovasjonstypar. Det dreiar seg særleg om det som etter Trudgill (1986 og 1994) blir kalla nivellering (*levelling*), som er at (sosialt) markerte språkdrag forsvinn, og grammatisk forenkling (*simplification*), altså reduksjon av bøyingskategoriar eller forenkling av bøying (jf. også Kerswill 2002). Denne forskinga tok til med kontaktsituasjonar nær oss i tid, men er etter kvart tillempa til gammal tid, både her i Norden og elles (t.d. Jahr 1995, Pedersen 1999, Nesse 2002, Townend 2002, særleg s. 196 ff.). Mellom anna har ein vist korleis særvokster i dialektane i dei store handelsbyane i Norden, som reduksjon frå tre til to kjønn, kan forklarast med at dei var språklege møtestader, der ein nettopp skal vente å finne grammatisk forenkling. Grunnen til at granskarane ikkje såg slike ting før ligg nok i “det junggrammatiske paradigmet”, slik Jahr peikar på (1995: 9–10). På grunn av stamtretanken har granskingsobjektet vori den målutviklinga og dei måldraga som kjem lydrett frå urspråket, medan det som skriv seg frå målkontakt og målblending har vori “ureining” i systemet og derfor både mindre interessant og vanskelegare å forstå. Det stemmer likevel ikkje, slik Jahr hevdar, at “endringer som er forårsaka av språkkontakt og reine språkkontaktresultater, vanskelig [kan] *passes inn i ei junggrammatisk forståelsesramme*” (mi utheving). Dei to tilnærmingane kan tvert imot styrke kvarandre, sjå t.d. Heide 2003. Der følgjer eg Jahr 1995 og Nesse 2002 i at forenkling frå tre til to kjønn i bergensk kjem av målkontakt. I tillegg går eg grundig inn på lydlovssida

av saka, og kan derfor setja fram eit forslag som på detaljplanet forklarar kva som skjedde og som dessutan stemmer med tesen om at markerte former forsvinn i målkontaktsituasjonar: Fordi mellomlågtyisk berre hadde korte utlyds-*n*-ar, la bergensarane av seg sine lange utlyds-*n*-ar tidlegare enn andre, nemleg før den korte utlyds-*n*-en begynte å bli nasalert og falle bort, og då vart det samanfall mellom hankjønn og hokjønn, når bergensarane samtidig svekte dei trykklette vokalane sine (*-inn* : *-in* / *-an* → *-æn*) – er mitt forslag.

Her skal eg prøve å kombinere den tradisjonelle lydlovstilmærminga med dagens sosiolingvistiske målkontaktteori i ei gransking av nordnorske dialektar. Eg vil blinke ut nokre dialektdrag som ikkje er slik vi skulle vente ut frå lydlovene, og vurdere om det kan ha vori på grunn av eit “puff” utanfrå at målvoksteren tok ein annan veg i desse tilfella.

2. Nokre sentrale ikkje lydrette former forklarte med målkontakt

2.1 *a* i bunden form av svake hokjønnsord

Ein viktig nordnorsk overgang som kan koma av dialektkontakt, er *-o* / *-å* → *-a* i bunden form av svake hokjønnsord – altså *den visa* / *viså* → *den visa*. Den overgangen inneber òg grammatisk forenkling, for dei måla overgangen skjer i, har frå før *-a* i bunden form av dei sterke hokjønnsorda, altså *den bygda*. Sterke og svake hokjønnsord får dermed same ending i bunden form – både *den visa* og *den bygda*, mot før *den visa*/*-å* og *den bygda*. I mange av dei aktuelle måla har ubunden form av dei svake hokjønnsorda frå før *-a*, slik at overgangen har ført til samanfall også mellom bunden og ubunden form av dei svake – både *den visa* og *ei visa*. I dag har midtre Salten og midtre og søre Helgeland *den visa* / *viså* (*-å* lengst i sør), men vi veit at eit mykje større område har hatt slik ending og at ho har vori på vikande front i svært lang tid. I dag er bunden form *visa* på veg inn jamvel i sentrale delar av Salten, medan ho kom inn i nordre og søre Salten og nørdeste Helgeland på midten av 1900-talet, samtidig som dei siste restane av bunden form *viså* forsvann frå Vest-Lofoten (Christiansen 1951, 1962). I søre Vesterålen kjenner vi tradisjon om *visa*, og Hallfrid Christiansen har vist at *o*-ending tidlegare må ha funnist nord til og med Langøya i Vesterålen (ibid / 1962). Former som *kjetto* finst i ei 1600-talsordsamling frå Bø i Vesterålen (Laugesen Bork 1956 [1698]), og i stadnamn med *o*-ending som ikkje er bøyingsending, er *o*-en skifta

ut med *-a* (*Steinróf* > *Steiro* → *Steira* m.fl.). Dette har rimelegvis skjedd fordi *o*-endinga er vorten tolka som bunden artikkel og derfor gjekk med i dragsuget då *viso* vart *visa*. Nord og aust for dette *o*-området har det tydelegvis vori eit område med *-å* (*viså*), minst opp til Midt-Troms, har Christiansen òg vist. I det området har ein heil del stadnamn på *-å* 'elv' fått *-a* som endevokal (*Forså* → *Forsa*, m.fl.), venteleg pga. same mekanisme, og synst i dette området har det heitt *den viså* fram til vår tid (Leiranger i Steigen, gamle folk i 1961, då Ingeborg Hoff var der. Christiansen 1962: 147). På same måte påviser Christiansen at området utan delt hokjønn (*a*-ending i både *den visa* og *den bygda*) på Nord-Helgeland tidlegare var mindre, og ho meiner det nordnorske området med runda vokal i bunden form av svake hokjønnsord (*viso* eller *viså*) tidlegare var samanhengande, i alle fall til Midt-Troms, gjerne lenger (ibid: 147).

Eg vil føye til eit par moment som tyder på at Nord-Troms og Vest-Finnmark òg tidlegare hadde *o*- eller *å*-ending. Det eine er at *mellom*, *gjennom* og *morgon*, og patronymendinga – av *millum*, *gegnum*, *morgun* og *-son* – tradisjonelt har *-a* i dette området. Det kan vanskeleg vera lydrett; gammalnorsk runda, trykklett /u/ eller /o/ skal ikkje kunne bli *-a* direkte. Derimot kjenner vi fleire døme på at det har skjedd gjennom sekundære overgangar, som når den gammalnorske adjektivendinga *-ótr* er vorten *-at* i bymåla i Trøndelag og Nord-Noreg (og etter kvart i mange bygdemål), via det lydrette *-át*, og svakt hokjønn fleirtal på *-å* og *-ån* i Trøndelag, av *-or* og *-ornar*, meir og meir er vorti *-a* og *-an* (Dalen 1978: 10–11). Trykklett /o/ er avvikande i systemet, og blir derfor slått saman med den frekvente /a/. (Den siste overgangen gjev òg enklare bøyingsystem, med færre former.) Christiansen (1951: 57) peikar på at vokalen i dagens nordnorske former av ord som hadde *-an*¹ på gammalnorsk følgjer vokalen i ord som hadde *-on*, *-un* og *-um*: Anten *viso* (< *visan*) og *sjello* (< *sjaldan*), *mello*, *gjønno*, *i mòro*, *Jonso* (< *Jónsson*), og *synnovind* (< *sunnan*-) (alternativt *-å* i alle desse formene) – eller *visa* og *sjella*, *imella*, *gjønna*, *i mòr(r)a*, *Jonsa*, og *synnavind*. Den enklaste forklaringa på former som *mella*, *gjønna*, *mòr(r)a* og patronym som *Jonsa* i nordnorsk er derfor at det tidlegare – lydrett – var *-o* eller *-å*, og at den endingsvokalen

1. Korleis *-an* er vorti *-o* eller *-å* i mange stillingar i nordlending og vestlending kjem eg til å ta opp i ein eigen artikkel. Det må ha med den etterfølgjande nasalen å gjera, anten slik at nasalen endra kvaliteten på vokalen, eller slik at vokalen vart forlengd då nasalen fall bort. Gammalnorsk lang *a* vart som kjent *å*, stundom *o*, dersom han var nasalert. Eg kjem inn på dette nedanfor.

gjekk med i dragsuget då *den viso* og *den bygda* vart forenkla til *den visa* og *den bygda*, slik *Steiro* osb. vart *Steira*. I så fall har det overalt heitt *viso* eller *viså* der det no heiter *mella*, osb. – i prinsippet. (Til Aust-Finnmark kan *mella* osb. vera reine lån; der er den norske busetnaden så ung og språkblanda at det er vanskeleg å resonnerer om kva som er lydrett.) Christiansen (1951: 57) er inne på dette resonnementet, men gjennomfører det ikkje. – Det andre momentet er min idé, og det heng i hop med det fyrste: Stadnamn med ending som speglar gammalnorsk dativ fleirtal på *-um* – i vestnorsk og nordnorsk *-o* eller *-å*, som *Vinjo* på Voss – finst ikkje, så vidt eg veit, utanom dei områda som har svakt bundi hokjønnpå på *-o* eller *-å*. Det er underleg, for det er mange i dativ eintal – som *Dale* på Grytøya (Sør-Troms) og *Åse* på Andøya (Vesterålen). Men t.d. *Grøta* på Grytøya (Heide 2010b: 223–24), *Gårda* /²go:ra/ i Kvæfjorden og *Venja* (skrivi *Vinje*) på Dyrøya (alle Troms) kan vera dativ fleirtalsnamn, der lydrett ending *-å* (**Grøtå*, **Gårdå*, **Venjà* < *Grjótum*, **Gørðum*, **Vinjum*) har gått med i dragsuget då *viså* vart *visa*. (I prinsippet kan *a*-endinga i desse namna koma av eldre *-ar*, men det viser seg at den endinga i stadnamn vanlegvis blir sterkt avveikt; jf. t.d. *Vinje* av *Vinjar* mange stader i landet, medan gammalnorsk nasalkonsonant etter endingsvokalen skjermar han, som i *-um*.)

Dei dataa vi har, viser at forenkla, udelt hokjønnpå har spreidd seg gradvis over svært lang tid, truleg fleire eller mange hundre år. Då er det naturleg å gå ut frå at det har spreidd seg frå områda der Christiansen ikkje kan rekonstruere *o*- eller *å*-ending i det heile. Det er to område: Rana (altså bygdene ikring fjorden Rana på Nord-Helgeland) og landet frå Senja og nordover. Eg føreslår at forenkla, udelt hokjønnpå oppstod som dialektkontaktprodukt der.

Når det gjeld Rana, er området så lite at det ikkje trengst å sirkle inn opphavsområdet meir, og det høver fint at det er påvist stor innflytting akkurat dit frå Jämtland (og til dels andre austlege innlandsstrok) i tidleg nytid og at ranværing framleis har sentrale drag felles med dialektane der. I ranværing kan *visa* i bunden form (altså svakt hokjønnpå) vera eit lån frå jämtsk, som har *a*-ending i denne gruppa. Men heile paradigmet kan ikkje vera lånt, for i ubunden form har jämtsk apokope bortsett frå i jamvektsord, medan ranværing har bevart *-a* i ubunden form: *ei visa* (mot jämtsk *ei vis*). Samla sett er altså paradigmet for svake hokjønnpåord eit typisk dialektkontaktprodukt: Det har eit forenkla system som ikkje fanst i nokon av utgangsdialektane.

Det nordre området der *o-* eller *å-*ending i svakt hokjønn ikkje kan rekonstruerast, er kjempestort, men det ligg nær å sirkle utgangspunktet inn til området ikring Lopphavet, altså Nord-Troms og søre Vest-Finnmark, der vi veit det var spesielt stor innflytting frå Nord-Vestlandet i tidleg nytid, og der dialektane framleis har sentrale drag felles med dialektane på Nord-Vestlandet.² Men bunden form *visa* kan ikkje vera noko lån derifrå, for der heiter det *den viså*, slik Christiansen har sannsynleggjort at det heitte i Troms i gammal tid. Innflytting frå Nord-Vestlandet skulle derfor ikkje erstatte *den viså* med *den visa* – ikkje direkte. Men indirekte kan ho likevel ha gjort det, fordi ho destabiliserte systemet: Innflyttinga gjorde at *ei visa* vart *ei vise*, og då systemet fyrst var i omforming, ville meir lett kunne skje, dersom det forenkla systemet. At ubunden form vart *vise*, kan òg ha letta overgangen til *visa* i bunden form på ein annan måte, for ubunden form på *-e* i staden for *-a* gjorde at det ikkje vart samanfall mellom ubunden form og den nye, bundne forma *-a* (*ei vise* – *den visa*, ikkje *ei visa* – *den visa*). At den nye forma med *-a* i bunden form har spreidd seg i mål som held fast på *-a* i ubunden form, talar ikkje imot dette, for resonnementet gjeld situasjonen der innovasjonen fyrst fekk fotfeste. Det skal likevel seiast at formsamanfall mellom ulike bøyingskategoriar uansett neppe ville *hindra* forenklinga, kanskje tvert imot. Innflytting frå Trøndelag og andre distrikt der det heiter *den visa* kan òg ha hjelpt fram den forma ikring Lopphavet; det var stor innflytting frå alle kantar i Norden i tidleg nytid (Hansen 2001).

2.2 *-an* i bunden form fleirtal av inkjekjønnsord

I heile Nord-Noreg er *-an* endinga som gjev bunden form fleirtal av inkjekjønnsord – altså *alle husan* – så nær som på synste Helgeland, der det tradisjonelt heiter *alle huse* (Olssen 1958: 12). Det lydrette er *-a*, altså **husa* av *húsin*, når det heiter *musa* av *músin* f. (Sør-Helgeland derimot *músin* > *muse*.) Endinga *-an* er lydrett i hankjønn (*ásan* < *ásarnir*), og må vera overført derifrå, altså gjennom grammatisk forenkling, der talet på bundne fleirtalsendingar er redusert frå tre til to: *-an* m., *-en* f., **-a* n. → *-an* m./n, *-en* f. (*-en* av *-irnar*, som i *bygðirnar* 'bygdene', og *-urnar*, som

2. Ein kunne òg tenkt seg at innovasjonar spreidde seg frå Indre Troms, der det enno er mål frå dalane i Sør-Trøndelag, Hedmark og Oppland, men der kom storinnflyttinga seint, ikkje før på 1820-talet, og det ser ikkje ut til at dialektane i Indre Troms har påverka kystmålet nemande, sikkert mykje fordi innlandsbygdene heilt til mellomkrigstida var nokså isolerte.

i *visurnar*, med *-u-* avveikt til *-e-*). Dette er altså eit typisk målkontaktprodukt, jf. at dei områda elles i landet som lenge har hatt bundi inkjekjønn på *-an* er klare målkontakt- eller grenseområde: Trondheim og kysten av Vest-Agder (Seip 1959: 119, Dalen 1978: 14, Elstad 1982: 26). Men skal dette stemme med teorien i Nord-Noreg, så må innflyttarane ha hatt andre endingar enn “dei innfødde” (slik at det vart dobbelt opp med endingar, og ei drastisk “oppdydding” tvinga fram). Då høver det at store delar av Nord-Vestlandet, som flest innflyttarar kom frå, har (hatt?) bundi inkjekjønnsfleirtal på *-å*, før truleg *-o* (*huso*, *eplo*, Seip 1959: 120, etter Ross), jamvel om den forma er ukjend no. (Jamfør korleis *o*-endinga har gått over til *å*-ending på Sør-Vestlandet i bundi fleirtal av inkjekjønnsord [parallelt med at endinga *-ene* er komen i staden] og i bundi eintal av hokjønnsord. Garborg valde å skrive denne endinga *-o* så seint som rundt 1900 i namnet *Knudabeio*, som var sommarhuset hans på Jæren, ferdig i 1899.) Truleg kan vi òg rekne inn nokre innflyttarar frå Sogn, Nordhordland og Hardanger, der endinga i bundi fleirtal inkjekjønn tradisjonelt er *-a* og *-i*, og frå resten av Norden (Hansen 2001), med former som *husi* (Båhuslen), *husen*, *husene* (Danmark), *husen*, *husena* (Sverige), omfram *husa* mange stader. I tillegg ser språket til handelsmenn frå Trondheim ut til å ha hatt gjennomslag nordover kysten (Heide 2002 og nedanfor), og dei kan ha hatt *-an*-ending i bundi inkjekjønn fleirtal lenge (jamvel om vi ikkje veit kor lenge). Når det gjeld overgangen *-a* → *-an* i inkjekjønn, ser eg ikkje noko opplagt opphavsområde, for han var gjennomført over heile Nord-Noreg minus grenseområdet i sør før målføregranskinga kom i gang tidleg på 1900-talet. Det går an å spekulere på om denne innovasjonen har spreidd seg frå Rana og landet ikring Lopp-havet, slik *-a* for *-o* / *-å* ser ut til å ha, eller frå Lofoten og lofotfisket, sidan Lofoten ligg sentralt i Nord-Noreg, og det er truleg at nokre innovasjonar har oppstått av målkontakt i samband med lofotfisket. Det gjeld den nordnorske apokopen, slik Hoff har peika på, og kanskje det forenkla substantivbøyingssystemet på Vestvågøya og Flakstadøya i Lofoten – med eit motsvarande område på Nord-Helgeland, skrått over Vestfjorden – vil eg føreslå. Der har alle tre kjønn tradisjonelt fleirtal på *-a* og *-an* (Elstad 1982: 47, 52, 56–58), og dette er det mest forenkla systemet vi kjenner frå tradisjonell nordlending. Men rimelegare er det kanskje å tenkje seg at innovasjonen *-a* → *-an* i inkjekjønn oppstod uavhengig fleire stader. Det var stor innflytting til heile Nord-Noreg, og det ser ut til at dei lydrette endingane i bundi inkjekjønnsfleirtal står ustøøre

enn resten av bøyingsverket, i mange variantar av nordisk. Både dansk riksspråk og færøysk (truleg uavhengig) fekk tidleg overgang *-en* → *-ene*, og i løpet av 1900-talet har både Trøndelag og store delar av Vestlandet fått overgang frå (einstava) vokalending til tostava ending og samanfall med hokjønn fleirtal (*huso*, *-å*, *-i*, *-æ*, *-a* → *-ene*, *-ena*, *-an*). Det er vel slik at dei lydrette endingane lett blir oppfatta som utydelege fordi dei er utypiske fleirtalsendingar. I store delar av Norden er fleirtalsendingar elles tostava, og i nordnorsk endar dei elles på konsonant. (Der òg *kan* hankjønn og hokjønn ha hatt tostava bundi fleirtal, altså **åsane* og **bygdene*, då **husa* vart *husan*, men det kan vi ikkje veta noko om.)

2.3 *-e* i presens av *a*-verb

Ei anna nordnorsk forenkling er det derimot naturleg å spora tilbake til språkkontakt ikring Lopphavet, nemleg *-e* i presens av både *a*-verb og *e*-verb, mot venta *-a* i *a*-verba (altså både *kaste* og *kjenne*, mot gammalnorsk *kastar* og *kennir*, nynorsk normalmål *kastar* og *kjenner*). Dette forenkla systemet er eit nordleg drag i nordleg nordnorsk, og Elstad skreiv i 1982 (: 59, 62) at det den gongen nådde sør til Midt-Troms, men “var på marsj sørover”, “delvis ved sprangvis framrykking”. At det har spreidd seg frå landet ikring Lopphavet, burde høve. Rana har òg lik presensbøyning av desse verbklassane, men utan ending (*No kast eg*, *No kjenn eg*). Dette systemet er neppe forenkling på grunn av målkontakt; det er heller direkte overført frå Jämtland, som har det same systemet. Det har heller ikkje spreidd seg (utanfor Rana), slik det nordlege forenkla systemet har, rimeligvis fordi det er meir markert, når det ikkje har presensending i det heile.

3. Oppfølgjande tankar

Kor gamle er innovasjonane eg drøftar her? Det får vi neppe nokon gong veta, men litt kan vi resonnerer, og med djupare graving i materialet burde det gå an å seia meir etter kvart. Overgangen *viso* / *viså* → *visa* veit vi har pågått svært lenge, så då veit vi at han må ha starta tidleg. Dermed kan det høve om han oppstod av den store innvandringa til Nord-Noreg på 15- og 1600-talet (Hansen 2001, Niemi 1998, Christiansen 1967: 18–20, 1964: 478, Elstad 1982: 64 ff.). I så fall bør det ved inngangen til nynorsk tid ha heitt *den viso* eller *viså* i heile Nord-Noreg så langt den norske bu-

setnaden nådde. (Altså til og med Vest-Finnmark, med ei og anna bygd lenger aust.) På den tida hadde altså former som *viso* monaleg sterkare talemålsgrunnlag enn då Aasen eksperimenterte med dei i normalmålet tidleg på 1850-talet (t.d. i *Gagnløysa*).

Kan typen *viso*, med runda endingsvokal, vera det lydrette i alle norske ikkje-jamvektmål? Amund B. Larsen 1926 (: 39 / utbrettskart baki) meiner artikkelvokalen vart erstatningsforlengd ved *n*-bortfallet, slik at *visan* vart *[²vi:sā:] > /²vi:so/, /²vi:sao/, /²vi:su/ [jf. fotnote 1]). For meg verkar det rimeleg at det skjedde og at denne voksteren er ein føresetnad for runda endingsvokal, jf. tidleg gammalnorsk, der nasalert lang *a* blir /ɔ:/ (ǫ), medan unasalert lang *a* held seg som /a:/. Men dette kan ikkje ha skjedd i jamvektmåla, for der skal vokalen i den bundne artikkelen i dei fleste orda ha vori svekt før *n*-bortfallet (/²tungan/ > /²tungæn/ el. /²tungen/ > /²tungã/). (Dessutan gjekk jamvektmåla i regelen ut frå akkusativen, altså *visuna*.) Derimot kan det ha skjedd i nord-vestlandsk, jamvel om det er *e*-mål i dag, for det kan ha vori *a*-mål i den avgjerande fasen; vokalreduksjonen i *e*-måla kan vera påverknad frå jamvektmåla seinare (jf. at han ikkje tek omsyn til gammal stavingslengd).

Dersom dette stemmer, så er det sørvestlandske samanfallet mellom sterkt og svakt hokjønns i bunden form (*bygdå* likså vel som *viså*) sekundær systemforenkling (for det verkar vonlaust å forklare runda vokal lydrett av gammalnorsk *-in*, som i *bygdin*). Sandøy (1987: 125) ser ut til å meine at det er slik: "Eit opphavlig samanhengande område er blitt kløyvt av novasjonsområdet utan delt femininum", som er Jæren, Ryfylke, ytre Nord-Rogaland og Sunnhordland. Det er lett å følgje Sandøy i at geografien tyder på at det er slik, særleg når delt hokjønns (*viså*, men *bygde*) er kjent frå gammalt mål oppetter nes og utøyar midt i vestkanten av det forenkla området (Særheim 1998). Seip (1959) viser dessutan at *-e* er den lydrette endinga i sterke hokjønnsord på Jæren og i Ryfylke. Vi kan tenkje oss at det forenkla systemet tidleg oppstod pga. målkontakt i Stavanger og har spreidd seg derifrå, slik forenkla presens, med *-e* i alle verbklassane, ser ut til å ha gjort i vår tid.

Var det meir trøndsk påverknad i tidleg nordnorsk enn vi har vori klar over? Fleire ting tyder på det. Den sentrale ordforma *hau* 'hovud' kan vanskeleg forklarast som anna enn lån frå trønder, og då har truleg omreisande handelsmenn frå Trondheim spela ei viktig rolle (Heide 2002). Påverknad frå Trøndelag eller Trondheim kan ha vori viktig for *-an* i inkjekjønnsfleirtal, dersom trondheimsmålet tidleg fekk den forma.

Den nordnorske apokopen kan (som nemnt) vera lånt frå Trøndelag, og det ville i så fall samsvara med at Lofoten og Salten, som er sentrum i apokopeområdet, har pronomenforma *dokk* 'dykk' felles med Trøndelag, medan resten av Nord-Noreg (bortsett frå innlandsdalar med sein innflytting) har *dokker* (Elstad 1982: 54). Då kan ein spørja om også den nordleg nordnorske realiseringa av gammalnorsk stuttstaving skriv seg frå Trøndelag. På Helgeland er regelen at vokalen blir lengd, medan det i nord oftast er konsonanten, slik som i Trøndelag: *skot* n., *dropi* m. > /skot/, /²drope/, osb. At dette langtfra er konsekvent – t.d. (å) /²væ:re/, men (har) /²vure/ (Troms) – ville stemme dersom målkontakt er utgangspunktet. I nordnorsk ser også *ubundi* fleirtal av *svake* nøytrumsord ut til å ha maskulin form: (fleire) *emna* i staden for (fleire) *emne*, av *efni* (i maskulinum lydrett *oksa* < *uxar*). Denne overgangen kan òg (til dels) vera påverknad frå trøndsk. Der (som i mange andre dialektar) har dei svake inkjekjønnsorda slått følgje med dei svake hokjønnsorda, som i det sentrale Trøndelag har lydrett fleirtal *-å* / *-ån* (< *-or* / *-ornar*). Men Trondheims-målet hadde alt på 1600-talet fått utjamning av trykklett *å* til *a* (Dalen 2006; venteleg fordi trykklett *å* var avvikande i systemet, jf. ovanfor). Då skal det ha heitt (fleire) *emna* i målet til Trondheims-borgarane, som truleg hadde stor gjennomslagskraft i nord. Nord-Vestlandet, derimot, har *ubundi* fleirtal på *-e* i denne gruppa: *emne*. Her kan det altså vera påverknad frå Trøndelag, imot påverknaden frå Nord-Vestlandet, som har *-e* i *ubundi* fleirtal i desse orda. Likevel kan overgangen i *ubunden* form av dei svake inkjekjønnsorda sjølv sagt ha samanheng med overgangen i *bundne* inkjekjønnsord generelt: At det vart maskulin form i *bunden* form opna døra for maskulin *ubunden* form òg. Overgangen (fleire) *emne* → *emna* kan altså dels oppfattast som eit reint lån, dels som resultat av prosessar sette i gang pga. målkontakt – jamvel om han ikkje skaper færre bøyingsformer. Fleirtalsforma *-e* finst framleis i dei aktuelle måla, i hokjønn, så det som har skjedd er berre at *-a* har fått større rom.

Ein kan òg spørja om konsonantlenginga i stuttstaving kan setjast i samband med meir langveges innvandring. Det skal ha vori på nordkysten av Nord-Noreg det var størst og mest blanda innvandring på 15–1600-talet; det kom innflyttarar frå store delar av Nord-Europa (Hansen 2001). Då blir det eit spørsmål kva som var minst markert i så vid samanheng – formene med lengd vokal eller formene med lengd konsonant. At den internasjonale byen Bergen har forlengd konsonant, blir då eit moment.

Spørsmålet om kvantitetspåverknad er interessant når det gjeld Jämtlands-innslaga i Rana og det moglege apokopelånet til Salten – Lofoten. Rana har jamvektssystem fram til i dag, og apokoperer i prinsippet berre gamle langstavingar (i svakt hankjønn og verb), medan Salten – Lofoten har apokope uansett gammalnorsk stavingslengd. Kvifor er det slik skilnad, dersom jamvektsmål i begge tilfella er påverknadskjelda (frå Trøndelag og Jämtland)? Fordi påverknaden i Rana kom tidlegare? Fordi innflyttarane der utgjorde større del av befolkninga? Eller er apokopen i Salten – Lofoten likevel utvikla sjølvstendig? Dessverre kjenner vi dei påviste dialektkontaktsituasjonane dårleg. Vi veit nokså lite om kven som kom og kor mange dei var, både i absolutte tal og i høve til dei som budde der frå før, og korleis innvandringa fordelte seg over tid. Vi veit altså lite om breidda i målførevariantar som var representerte til dei ulike tidene, kor sterkt dei var representerte og kva gjennomslagskraft dei skulle ventast å ha på bakgrunn av prestisjen til talarane. Vi får håpe historikarane grev djupare i kjeldene som fortel om innvandring til Nord-Noreg.

Var all nordnorsk sist i mellomnorsk tid (og kanskje seinare) *a*-mål? (Med unntak for jamvektsmål på Sør-Helgeland og eventuelt i Rana, avhengig av kor tidleg den jämtske jamvektspåverknaden kom.) Målet på Midt-Helgeland har i prinsippet vori *a*-mål fram til vår tid, med apokope berre inne i talestraum (Riksheim 1921: 39–40, Øksendal 1977: 486–87, Sjøvik 1999: 50). Det er grunn til å tru at dette er ein rest av eit stort *a*-målvald og at det ikkje hadde apokope inne i talestraum, heller, i eldre tid. Også målet i Troms og Vest-Finnmark og på ytre Nord-Helgeland var truleg i eldre tid “prinsipielle *a*-mål”, for i utgangspunktet skal infinitiven vera svekt berre inne i talestraum, slik som på Midt-Helgeland i vår tid (når “den same” *a*-endinga er bevart i svake hokjønnord: *ei visa*). Minne om dette stadiet finst i gamle regler frå Sør-Troms og Andøya, kanskje òg Nord-Helgeland (Heide 2012). At dette systemet i Troms måtte vike for gjennomført *e*-infinitiv, kan i så fall ha samanheng med innflytting frå Nord-Vestlandet, som har *e*-mål. – Dersom vi går ut frå at *e*-målet i Nord-Troms og søre Vest-Finnmark og apokopen i Salten – Lofoten er lån sørfrå, så inneber det at det var “prinsipielt *a*-mål” i desse distrikta før lånet. I så fall var det *a*-mål i heile landsdelen den gongen.

Til slutt: Eg skal ikkje insistere på at alt eg drøftar her, verkeleg kjem av mållkontakt, for grammatisk forenkling kan sjølvsagt oppstå utan mållkontakt. Men når vi veit at mållkontakt ofte fører til grammatisk forenkling, og vi kjenner ein del utprega mållkontaktsituasjonar frå tidleg

nynorsk tid og framover, bør det vera verd å undersøke om dette kan forklare ikkje lydrette bøyingsformer i dialektane, særleg i nordnorsk, der innvandringa var spesielt stor. Problemet til no har ikkje vori at ein har gått for langt i denne retninga, men at ein knapt har prøvd desse mulegheitene i det heile.

Litteratur

- Beito, Olav T. 1975. “Jamvektsformer av ord med intervokalisk $r\ddot{a} > \hat{a}$ eller r , og $rt > t'$ ”. *Maal og Minne*: 61–64.
- Christiansen, Hallfrid. 1951. “Fra -o til -a i nordnorsk hunkjønnsbøying”. *Maal og Minne*: 56–63.
- . 1962. “Fra -å til -a i nordnorsk bøyingsystem”. *Maal og Minne*: 144–48.
- . 1964. “Ranværingdialekten.” I Axel Coldevin (red.): *Rana bygdebok 1. Hemnes og Mo prestegjeld til 1850*, 466–94. [Mo i Rana]: Mo sparebank.
- . 1967. “Folkeekspansjonen fra Sørvest-Norge til Nord-Norge i prehistorisk tid”. *Norsk tidsskrift for sprogvidenskap* B. XXI: 15–93.
- Dalen, Arnold. 1978. *Trondheimsålet*. Trondheim: Nidaros mållag.
- . 1994. “The influence of Low German on the Norwegian language.” I Volker Henn og Arved Nedkvitne (red.): *Norwegen und die Hanse. Wirtschaftliche und kulturelle Aspekte im europäischen Vergleich*. Kieler Werkstücke Reihe A. Beiträge zur schleswig-holsteinischen und skandinavischen Geschichte 11. *Norwegen und die Hanse kongress*, Kiel, 23.–25. April, 1992, 31–39. Frankfurt am Main: Peter Lang.
- . 2006. “Hans Olufsen Nysted som kjelde til kunnskap om bymålet i Trondheim på 1600-talet.” I Jan Ragnar Hagland (red.): *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av Det kongelige norske videnskabers selskab, 14.–15. oktober 2005*. Skrifter, Det kongelige norske videnskabers selskab 2006, 1. Trondheim: Tapir.
- Elstad, Kåre. 1982. “Nordnorske dialektar.” I Tove Bull og Kjellaug Jetne (red.): *Nordnorsk. Språkav og språkforhold i Nord-Noreg*, 9–100. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hansen, Lars Ivar. 2001. “Nordisk og nordeuropeisk innvandring til Nord-Norge på 1500-tallet”. *Ottar* 3–2001: 12–21.

- Heide, Eldar. 2002. "Nordnorsk *hau* 'hovud' lånt frå Trøndelag?". *Håløygminne*. 113–34.
- . 2003. "Felleskjønnet i bergensk. Resultat av mellomnedertysk kvantitetspåverknad?". *Maal og Minne* 1/2003: 23–35.
- . 2004. "Uventa ikkje-patalal *n* av *nd* i nordnorsk. Typen *gandr* > /ga:n/". *Maal og Minne*: 56–69.
- . 2010a. "Tjukk l – Retroflektert tydeleggjering av kort kvantitet. Om kvalitetskløyvinga av det gamle kvantitetssystemet". *Maal og Minne*: 3–44.
- . 2010b. "Namna Grøta (vær) og Gryta / Grytøya". *Håløygminne*. 222–24.
- . 2012. "Syntaksavhengig *a*-infinitiv i eldre nordnorsk". *Maal og Minne* 2–2012: 110–20.
- Hoff, Ingeborg. 1981. "Short survey of the dialects of North Norway." I Olav T. Beito m. fl. (red.): *Opphav og samband. Utgreiingar om norske målføre. Heidersskrift til Ingeborg Hoff på 70-årsdagen 15. november 1981*, 229–53. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jahr, Ernst Håkon. 1995. "Nedertysk og nordisk: Språksamfunn og språkkontakt i Hansa-tida." I Ernst Håkon Jahr (red.): *Nordisk og nedertysk. Språkkontakt og språkutvikling i Norden i seinmellomalderen*, 9–28. Oslo: Novus.
- Kerswill, Paul. 2002. "Koineization and Accomodation." I J. K. Chambers m. fl. (red.): *The Handbook of language variation and change*. Blackwell handbooks in linguistics, 669–99. Oxford: Blackwell.
- Larsen, Amund B. 1897. "Antegnelser om substantivbøiningen i middelnorsk". *Arkiv för nordisk filologi*: 244–53. Oppattprenta i Magne Myhren (red.): Amund B. Larsen. Skrifter, 217–26, Oslo: Universitetsforlaget, 1976.
- . 1926. *Sognemålene*. Oslo: I kommisjon hos Dybwad.
- Laugesen Bork, Jacob. 1956 [1698]. *Ordsamling fraa Bø i Vesteraalen 1698*. Skrifter fraa Norsk maalførearkiv 8. Utg. Sigurd Kolsrud etter ms. Fol.773 II i Kgl. Bibliotek, København, Gl.Kgl.saml. Oslo: [Norsk maalførearkiv].
- Nesse, Agnete. 2002. *Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen*. Skrifter og avhandlinger, Det norske videnskaps-akademi. 2, Hist.-filos. klasse 2. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Tromsø, 2001. Skrift 4 fra prosjektet 'Språkhistoriske prinsipp for lånord i

- nordisk språk' under Nordisk Ministerråds forskningsprogram 'Norden og Europa. Oslo: Novus forlag.
- Niemi, Einar. 1998. "Innvandringen til Nord-Norge." I Sven Lilja og Lars Nilsson (red.): *Invandrarna & lokalsambället. Historiska aspekter på integrationen av invandrare i nordiska lokalsambällen*. Studier i stads- och kommunhistoria 16, 89–106. Stockholm: Stads- och kommunhistoriska institutet Historiska institutionen Stockholms universitet.
- Olssen, Olaf. 1958. *Brønnøymålet. Lydverket*. Skrifter frå Norsk målførearkiv 13. Oslo: A/S Bokcentralen.
- Pedersen, Karen Margrethe. 1999. "Genusforenkling i københavnsk". *Danske folkemål* 41: 79–105.
- Riksheim, Vilhjelm. 1921. *Ljodvokstren i Vefsn-målet (Ner-Vefsn)*. Kristiania: Aschehoug.
- Sandøy, Helge. 1987. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- Seip, Didrik Arup. 1959. "Eksempler på språklig terapi i norske dialekter". *Maal og Minne*. 117–22.
- Sjåvik, Per. 1999. "Dialektane på Helgeland". *Årbok for Helgeland* 1998: 44–59.
- Særheim, Inge. 1998. "Føyne / Føynå, Karmøyne / Karmøynå. Ei dialektgrense i Nordvest-Rogaland". *Årbok for Karmsund* 1997–98: 184–97.
- Townend, Matthew. 2002. *Language and history in Viking Age England. Linguistic relations between speakers of Old Norse and Old English*. Studies in the early Middle Ages 6. Turnhout: Brepols.
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in contact*. Language in society 10. Oxford: Blackwell.
- . 1994. "Language contact and dialect contact in linguistic change." I John Helgander og Ulla-Britt Kotsinas (red.): *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden. Föredrag från ett forskarsymposium*. Mins 40, 13–22. Stockholm: Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet.
- Øksendal, Kjell M. 1977. "Målføret i Vefsnbygdene." *Vefsn bygdebok III*, 439–509. Mosjøen: Vefsn kommune.

Eldar Heide
 Kringlebotn 120
 5225 Nesttun
 eldahei@online.no